

Kantate om Garborg i tvil og tru

Artikkel publisert 29.09.2006 i Jærbladet av **Helga Hovland** med lesarinnlegg nedanfor av **Rolf Erik Solheim**

ARRANGØRAR: Inger Bakke Berge i Jærklang og Tarald Oma i Time Mållag trur mange vil finna vegen til Bryne kyrkje for å høyra Garborg-kantaten. (Foto: Anne Berit Hatlem)



Det kan bli ei mektig oppleving når nærare 70 songarar og musikarar dirigert av komponisten sjølv, Sigvald Tveit, framfører Garborg-kantaten «Å hjelp meg du» i Bryne kyrkje laurdag kveld.

- Me gler oss veldig til å få synga, ikkje minst skal det bli spanande med Sigvald Tveit som dirigent, seier Inger Bakke Berge, leiar i Jærklang. Dei står som arrangør for Sporarrangementet saman med Time Mållag.
- Komponisten sjølv synest det er veldig spesielt å koma til Arne Garborg sin heimkommune å få dirigera kantaten, legg Inger Bakke Berge til.

Første gong i Time

Den timeslange konserten er ei storsatsing for Jærklang. Koret vert forsterka med Evje og Hornnes menighetskor, musikarar på orgel, zynt og slagverk, Jorunn Ree Berge frå Concentus som solist og Sofie Braut er resitør og les Garborg-tekstar.

«Å hjelp meg du» er eit sitat frå Haugtussa, og er eit bilete

på Garborg sitt kompliserte forhold til kristendommen. Sigvald Tveit har sett melodiar til utvalde dikt som handlar om dikteren sin kamp i høve til tvil og tru, naturlyrikken er også representert. Musikken ynskjer å avspeгла stemningane i tekstane, og fleire kjende dikt har fått nye melodiar.

Kyrjekantaten vart laga på oppdrag av musikkforlaget Cantando i Stavanger til Garborg- jubileet i 2001, men har ikkje vore framført i Time før.

Kveldens gjestar frå Setesdal kan derimot skilta med at dei har hatt Sigvald Tveit sitt verk på repertoaret.

Besøket i Time er ein gjensitt etter at Jærklang var på besøk i Setesdal. Dei sterke banda til Time kan også forklarast med at presteparet på Evje er frå Time. Sondag skal sokneprest Stein Ødegård preika i Time-kyrkja, ikkje langt frå plassen han vaks opp.

Fornyng må til

Laurdag er ekteparet med på arrangementet i Bryne kyrkje. Heile dagen skal kor, musikarar og resitør øva saman med komponisten.

- Sigvald Tveit har gjort eit flott utval av tekstar, her er mykje songbart, seier Inger Bakke Berge.
- Det er eit veldig bra initiativ Jærklang har teke, seier Tarald Oma, leiar i Time Mållag. Han er og fornøgd med at mållaget vart invitert til å vera med på samarbeidet. - For oss som arbeider med å få til eit Garborg-senter er dette noko av det beste som kunne skje. Hensikta med senteret er å få eit meir moderne fokus på det Garborg har skrive. Det gjer Sigvald Tveit med å setta nye melodiar til Garborg-tekstane. Skal me halda oppe interessa for klassikarane, må me gjera fornyingar.

Leiaren i Time Mållag meiner det er viktig å utvikla samarbeid med andre organisasjonar - som ledd i å skapa eit Garborg-senter. Folk må koma fram med sine idear.

- Di fleire personar som tykkjer at Garborg er viktig for dei, di sterkare står Garborgsenteret, meiner Tarald Oma.

I samband med Garborg-kvelden i kyrkja set mållaget opp utstillinga som er laga i samband med 100-års jubileet for Noregs Mållag. Arrangørane håper at folk stoppar igjen, ser utstillinga og får seg ein matbete. Men det kan vera lurt å koma tidleg. Det blir mykje folk i kyrkja laurdagskvelden, trur Inger Bakke Berge og Tarald Oma.

Lesarinnlegg som svar på artikkelen i Jærbladet av Rolf Erik Solheim, Arvika, Sverige

Kyrkja prostituerer Garborg – igjen

Og så er dei i gang igjen og skal kristna Arne Garborg. Denne gongen er det Bryne-kyrkja som er ute med ”Kantate om Garborg i tvil og tru” som overskrifta var i Jærbladet. Det er ikkje musikken og framføringa av dei 70 songarane og musikarane det er noko gale med. Det er valet av tekstane og det å framføra desse i kyrkja som er feil. Det hadde vore greitt om ein slik kantate og tekstane vart framførde i Storstova på Jæren, men ikkje i kyrkja. Då vert det prostitusjon.

I Garborgåret valde dei også ut Garborg-tekstar som vart opplesne i jærkyrkjene for å visa at han nok vart ein ”kristen” til sist. Eller kos var det med det? Høgdepunktet på dette var ”Messe for ein tvilar” i Domkyrkja i Stavanger. Heilt til nokon kom på å sjå i boka *Jesus Messias* kva han eigentleg konkluderte med i det religiøse. Og då vart det brått slutt på opplesingane. Dagbladet gjorde eit nummer av at Garborgkvelden i Oгна-kyrkja vart avlyst, og Helge Torvund skreiv om det litterære overgrepet.

Endeleg hadde ein og annan i kyrkja oppdaga at G etter 1900 slett ikkje var nokon tvilar. Dei siste 20 åra streva han med å få omverda til å begripa dette, men få ville høyra. Slik er det også når Jærbladet i dag byggjer opp ei usanning om hans ”kompliserte forhold til kristendommen”. Nei, det var ikkje noko komplisert forhold, Anne Berit Hatlem! Det er for kyrkja det vert komplisert når dei skal pynta på han!

Til 70-årsfeiringa si på Saron i Bryne i 1921 kom han ikkje. I programmet står det blant anna at ”me må takke Gud som gav oss Arne Garborg” Han skreiv etterpå og takka og sa: ”. . . det er kje for meg det vart halde fest; det var for ein Aadne Garborg som folk sjølv heve laga seg til rettes”.

I dagboka skreiv han: ”Mange trur eg er på kristeleg (d.v.s. kyrkjeleg, antikristeleg) Veg att; ein og annan hev sagt det beint ut. No gjeld det då for meg å få rette på dette att, og då vil Feststemningi slokne, og ny Mothug vakne; - av denne Grunnen hadde det nok vore best at denne Dagen var gjengen likso rolegt som Årmaåldagarne mine plar gå.”

Det livssynet G vaska fram i sin ”Jesus Messias – prosess” begynte med *Fred* i 1892 og slutta med *Heimkomin Son* i 1908. Men etter år av tvil og grubling var det få som brydde seg om denne konklusjonen eller forstod seg på han. Også Jærbladet og Bryne-kyrkja bryr seg lite. Hulda seier i innleiinga til dagbøkene:

”Noko av det verste for han i desse åri var at bøkane hans vart so mistydde. Sume blad skrytte, men på ein måte som synte at meldarane lite eller ingenting skyna av det dei skreiv um, andre var kalde og gretne . . . Mest harma det honom, at «Den burtkomne Faderen» av mange vart teki for ei teologisk oppbyggjingsbok. «Garborg har nu opgit kunsten og slått sig

på gudfrygtighet og oppbyggelseslitteratur». Tittelen var deim nok. Og han som meinte, at han her hadde tala so tydeleg og klårt og ærleg um sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådlaust for nokon å mistyde han.”

Peter Hognestad var biskop i Bergen og ein av dei få som las *Jesus Messias*. Han sa: ”Eg minnest ikkje eg har lese ei bok som har gjort meg så vondt –. Etter dette skulle me kristne vera sjølve Satansmakta på Jorda.”

Ja, G meinte faktisk at forkvaklinga av Jesu lære i dei pavelege kyrkjemøta, i Luther sine trusartiklar og i Lars Oftedal sitt kredo: ”Jo større synd, desto mer nåde”, kvalifiserte for ein rein heidning-teologi. Dette meinte han ikkje som ateist, slik Humanetisk Forbund gjerne vil ha han, men som ein søkjar etter metafysisk sanning. Og den presenterte han slik i dagboka 23.2.1907:

”I *Den burtkomne Faderen* og *Jesus Messias* hev eg gjort det eg kunde til aa jamne Veg for Folk av mitt Slag, jamne Veg, so dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunde vinne. Eg skynar meir og meir, at eg her hev gjort det eg kunde gjera; og daa min Veg laag her, so maa eg og tru at eg hev gjort det eg skulde gjera . . . eg er glad for at eg fekk liva so lengi at eg kom so vidt „til Ro” ; fekk sjaa utyvi Tilvære mitt i Samanheng. Som Live var lagt til Rettes for meg, so var det dette religiøse eg fysst og fremst maatte klara.”

Og så får me tru at det nye Garborgsenteret på Bryne klarer å få med seg denne Aadne Garborg som er større enn forfattere. Verdsborgaren Arne Garborg såg den globale etikken hos Jesus som det einaste som kan frelsa verda, på same måte som Leo Tolstoy såg det, og at Gudsriket er inni mennesket. Dette vert til sist mykje meir interessant enn berre litteraturen hans. Kanskje ein heilt ny kantate?